



Arkiton AS  
Slåtthaugsvæien 17  
5222 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2858 - 15/37484

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
15.12.2015

## Arkivering av søknad utan handsaming Felt 7 del 2 bustad 1-4 - Gbnr 134/478 Hilland

**Administrativt vedtak. Saknr: 562/15**

Ansvarleg søkjar: Arkiton AS, Slåtthaugsvæien 17, 5222 Nesttun  
Tiltakshavar: Bolig & Eigedom AS, Kvernhusmyrane 29, 5914 Isdalstø

Vi viser til Dykkar søknad, journalført 16.12.2013.

Vi viser til tidlegare samtalar og til telefonsamtalar med Advokatfirma Mikkel Mundal AS og A/stab seinast den 14.12.2015.

### Vurdering

Kommunen kan, som tidlegare opplyst, ikkje handsame søknaden på grunn av at rekkefølgekrava i § 2.3 i føresegnene ikkje er stetta. Dette gjeld mellom anna:

- Punkt 2.3.3
- Punkt 2.3.10
- Punkt 2.3.11
- Punkt 2.3.12

Vi gjer merksam på at det kan vere andre avvik i saka.

### Gebyr

Søknadspåltige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet: 2013	Tal:	Sum:
C.5.2t Avvist sak som krev bruk av kvalifisert føretak	1	2.000
Totalt å betale:		<b>2.000</b>

### Vedtak:



Søknaden vert arkivert utan handsaming, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Dersom de ynskjer at omsøkte tiltak skal realitetshandsamast, kan de sende inn ny kvalitetssikra søknad til kommunen.

### **Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

### **Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

A/Stab  
Bolig & Eigedom AS

Midttunhaugen 10 5224  
Kvernhusmyrane 5914  
29

NESTTUN  
ISDALSTØ

### **Mottakarar:**

Arkiton AS

Slåtthausveien 17 5222

NESTTUN